

GJERIKE – ØYKJASKOR – TVEITO – HAUGSE.

Namnet Gjerike har sitt opphav i gamalnorsk og tyder ”Geitariket.”

Høgde over havet : 360 m

Lengd: Øykjaskor ca 2 km, Tveito ca 5 km,

Tid: ca 2-2,5 timar ein veg

Gradering: Alt 1: Tung tur. Alt 2: lett tur, ca 1 time Alt 3: Tung tur, ca 2 timar

Vegskildring; Turen startar mellom Vallaviktunnelen og Gullhammartunnelen ved ei utkøyrsellomme på høgre side av vegen etter busstoppen (retning Voss). Føl stien oppover til den deler seg. Går du mot høgre kan du gå over Kjerland-skorane og koma ned att til Kjerland. Stien opp Jerike er den gamle allmannavegen mellom Granvin og Voss. (I Gullhammar var det ikkje framkomande før vegen kom.) Du går forbi Bukkaheldren. Stien kryssar så ein flaumbekk, Jerikabekken, der det er merka med små steinvardar. Når du kjem opp på toppen ser du mot garden Haugse. Der ligg ein gravhaug, Munkeøysa på venstre sida når du går gjennom gjerdet. (Sjå skilt). 100 m sør for Gravhaugen er ein fin utkikks plass over bygda og fjorden. Her heiter det Haugseberget. (Står du nede på Kollanes og ser opp mot Haugseberget ser du eit tydeleg markert ansikt.) Det er berget som har gitt navnet til garden Haugse. Haugse er av dei eldste gardane i Granvin. Her er fleire funn frå steinalderen. Du finn ein trebenk nokre m opp frå Munkeøysa, som gravhaugen heiter. Namnet tyder truleg ”Røysa på den snau kollen”.

8-10 m nord for Haugen ser me restane av ei hustuft. Me veit ikkje kva bygning dette har vore.

På veg mot garden går du gjennom ein juletreplantasje.

Du vil sjå ein veg som går oppover mot høgre, dette er vegen mot Øykjaskore.

Vegen går over i ein brei sti som går til øvsta-Haugse. Ta av frå denne stien mot høgre til ny sti og følg den oppover. Så kjem du til Bjødnabakken. (Sjå skilt).

Vegen går over til smalare og lite tydeleg sti til Øykjaskore. (Sjå skilt). Nede på berget er det flott utsikt over fjorden. Herifrå kan ein gå vidare til Tveito. Eller ein kan gå over Askjellstræet og vakthytta til Anders Vindal. Her ligg og den gamle vårflora til det tidlegare Hausnes-bruket. Vidare forbi tuftene til vårflora til Øvsta- Haugse og ned til Haugse att.

Frå Haugse har me tre val for å gå ned att:

Du kan ta hovudvegen forbi Vindal og ned til Øvsthus. Eller, frå Vindal, følgja gamlevegen ned Krikkalia til Ivars-kroken, der du møter gamlevegen frå Haugse.

Du kan og frå Haugse følgja den gamle gardsvegen til Hausnes, eller gå rett nedover langs berget til du kjem ned i nivå med gardshusa i Hausnes. Her tek du til venstre ned Svilaskår og ned den støypte trappa ved hovudvegen.

GOD TUR!